



Arkivnr: 2017/622-1

Saksbehandlar: Elizabeth Warren, Erlend Hofstad, David Aasen Sandved, Stein Ottosen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		15.02.2017

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland - Ny innretning av ordninga «tilskot til vern og vøling av verneverdige bygg»

Samandrag

Fylkeskommunen fordeler kvart år midlar til restaurering av kulturminne. «Vern og vøling» har vore Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning for alle typar kulturminne som ikkje er freda eller omfatta av dei andre tilskotsordningane innan kulturminnefeltet: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/tilskot-til-vern-og-voling-av-verneverdige-bygg/> . I 2016 vart det tildelt kr 973 000,- frå budsjettpost 10.400.650.01. «Vern og vøling» femnar breitt og forholdet mellom administrasjon av ordninga og tilgjengelege midlar tilseier at denne tilskotsordninga kan forenklast og effektiviserast.

I sak 71/2016 (10.05.2016) bad Utval for kultur, idrett og regional utvikling Fylkesrådmannen leggje fram sak om ny innretning av tilskotsordninga slik at ein i sterkare grad stør opp under det kommunale ansvaret på kulturminnefeltet og slik at ordninga vert i samsvar med intensjonane i prosjektet «Kulturminneplanar i kommunane» – KIK. I nasjonal samanheng har Hordaland komen langt arbeidet med kommunale kulturminneplanar. For at intensjonen i dette arbeidet skal vidareførast og styrkast er det viktig med betre samordning av nasjonale og regionale verkemiddel. Målsetninga er at dette skal effektivisere forvaltninga og gjere ordningane betre tilpassa brukarane.

Nasjonalt har Norsk kulturminnefond på Røros vore i vekst dei siste åra. Fondet vart oppretta av Stortinget i 2002 og er plassert som ei eiga verksemd under Klima- og miljødepartementet. Kulturminnefondet sine tilskot er retta inn mot einskilde eigarar og lokale kulturminne, og ordninga har i stor grad hatt same målgruppe som den regionale ordninga «Vern og vøling». For å samordne dei offentlege tilskotsordningane meiner administrasjon at retningslinene for «vern og vøling» med fordel kan leggst om, utan at dette vil få store negative konsekvensar.

Hovudgrepet i framlegget til nye retningslinene er at fylkeskommunen ynskjer å stimulera kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunane sine kulturminneplanar og prioritere verneverdige kulturminne av regional verdi. Tilskotsordninga legg til rette for kommunane kan søkje om inntil 50% tilskot frå fylkeskommunen til vernetiltak til bygg og anlegg som er registrerte som kulturminne, har eit formelt vern i arealplan eller er prioriterte av kommunane. Kommunar som har etablert tilskotsordningar for kulturminnetiltak vil vere prioriterte og vil kunne få midlar i same storleik som det kommunane sjølv sett av, så langt avsette regionale midlar strekk til. Det vil tella positivt om kommunen gjev fritak frå eigedomsskatt for bygningar med historisk verde, dersom kommunen har eigedomsskatt.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til nye retningslinjer for regionale tilskot til vern og vøling av kulturminne.
2. Nytt namn for ordninga vert «Tilskot til verna kulturminne i Hordaland»
3. Utval for kultur, idrett og regional ber administrasjonen å gjere ei intern evaluering av tilskotsordninga etter at den har vore praktisert i 2 år.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. Fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Retningslinjer for tilskotsordninga til vern og vøling frå 2014
- 2 Framlegg til retningslinjer for tilskotsordning til verna kulturminne i Hordaland

Fylkesrådmannen, 24.01.2017

Bakgrunn

Fylkeskommunen fordeler kvart år midlar til restaurering av kulturminne. «Vern og vøling» er Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning for alle typar kulturminne som ikkje er omfatta av nokon av dei andre tilskotsordningane innan kulturminnefeltet. Hovudmålet for ordninga har vore å hindre tap av kulturminne og ta vare på kulturminna som ressurs og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Den 29.01.2016 gjorde Fylkesutvalet fylgjande vedtak i *Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2016*, sak 2014/24411-4:

5. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen arbeider vidare med å forenkle og effektivisere tilskotsforvaltninga.

Saka er ei oppfølging av vedtaket. Utval for kultur, idrett og regional utvikling bad fylkesrådmannen i sak 71/2016 10.05.2016 leggje fram sak om ny innretning av tilskotsordninga slik at ein i sterkare grad stør opp under kommunale ansvaret på kulturminnefeltet og slik at ordninga vert i samsvar med intensjonane i prosjektet «Kulturminneplanar i kommunane – KIK».

I samband med budsjetthandsaminga i 2016 vart tilskot til vern og vøling styrka med kr 212 000 i 2016. For 2016 vert det sett av kr 973 000,- til ordninga. Det var også sagt at retningslinene for tilskotsordninga skulle få ei ny innretning, i tråd med «Prosjekt kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016», slik at fylkeskommunal stønad løyser ut kommunal medfinansiering.

I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging», vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015, heiter det at «Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål». Eit nasjonalt mål er at tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Fylkeskommunen har ansvar for å sørge for dei nasjonale kulturminneinteressene og støtte kommunane med rettleiing.

Vern og vøling

Fylkeskommunale midlar til vern og vøling har vore eit viktig verkemiddel for å gjennomføre ein regional kulturminnepolitikk. Dette er særleg viktig i høve dei private eigarane som tek stort ansvar for å halde ved like og setje i stand kulturminne. Midlane har utgjort den regionale beredskapen for å sikre desse ikkje-fornybare ressursane, oppretthalde eit representativt utval av kulturminne frå heile historia og å bidra til at dei kan nyttast som ressursar for samfunnsutvikling og verdiskaping.

Vern og vøling har femna breitt og forholdet mellom administrasjon av ordninga og tilgjengelege midlar tilseier at denne tilskotsordninga kan forenklast og effektiviserast. Då Kulturminnefondet dei siste åra har vakse i storleik, og i høg grad er retta mot same formål, kan det vere føremålstenleg med fornying av tilskotsordninga vern og vøling. Korleis den regionale ordninga kan gjerast meir målretta og koordinerast opp mot kommunale kulturminneplanar og lokale stønadsordningar, er eit sentralt spørsmål.

Kulturminnefondet

Nasjonalt har Norsk kulturminnefond på Røros vore i vekst dei siste åra. Fondet vart oppretta av Stortinget i 2002 og er plassert som ei eiga verksemd under Klima- og miljødepartementet. Kulturminnefondet sine tilskot er retta inn mot einskilde eigarar og lokale kulturminner, og ordninga har i stor grad hatt same målgruppe som den regionale ordninga «vern og vøling». For å samordne dei offentlege tilskotsordningane meiner administrasjon at retningslinene for «vern og vøling» med fordel kan leggest om, utan at dette vil få store negative konsekvensar.

Kommunale tilskot til kulturminne

Nokre få kommunar i Hordaland har etablert tilskotsordningar for vern av kulturminne. Prosjektet «Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016» har som delmål å få etablert fleire kommunale

tilskotsordningar til lokale kulturminne. Ein måte å få styrka den kommunale satsinga på kulturminne er å knytte fylkeskommunale midlar til vern opp mot kulturminnesatsinga i kommunane.

Kva går endringa ut på

Hovudgrep i framlegget til endring er at det er kommunen som søker fylkeskommunen om midlar og ikkje einskilde eigarar av kulturminne. Eigarar av kulturminne søker gjennom kommunen eller til kulturminnefondet. Den nye innretninga av tilskotsordninga vil gje tilskot til kommunane i same storleik som det kommunane sjølv sett av til prioriterte kulturminne, så langt midlane strekk til.

Ei anna endring i tilskotsordninga er at kommunane ikkje kan søkje om midlar til kommunalt eigde kulturminne, berre til kulturminne i privat eige. Dette er i tråd med ei overordna prinsipp at kommunane, fylkeskommunane og staten har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eigne kulturminne.

Evaluering av den nye tilskotsordninga

Då saka inneber ei omlegging av tilskotsordninga, rår administrasjonen til at det gjerast ei intern evaluering av tilskotsordninga etter at den har vore praktisert i 2 år.